

NVE

31.08.2024

Energi og Konsesjonsavdelingen
Postboks 5091, majorstua
0301 Oslo

Fråsegn . Konsesjonssøknad -202320330

Underteikna har delteke på to møter , eit i regi Lyse Kraft DA og eit i regi NVE om konsesjonssøknaden til Lyse Kraft DA om 5 nye kraftverk i Røldal og Suldal.

Konsesjonssøkaren legg ikkje skjul på at desse kan ha ein del negative følgjer for natur og miljø.

Det som er litt forunderleg i denne saka er at både vilkårsrevisjon og konsesjonssøknad blir køyrd på same tid-parallelt . Det synes vanskeleg å forstå , vilkårsrevisjonen burde ha vore ferdig før konsesjonssøknaden vart vurdert ?

Så til konsesjonssøknad :

I fråsegn til vilkårsrevisjonen , blir dei negative sidene ved Røldal - Suldalanlegg tatt opp. Røldal og Ullensvang kommune har ingen garanti for at nokon av dei negative sidene blir retta opp etter vilkårsrevisjonen.

Erfaring frå andre revisjonar av gamle kraftanlegg i Norge tilseier at svært få ting blir endra . Difor har innbyggerane i Røldal små forhåpningar om endring som er positive.

Difor vil desse 5 nye kraftverka, berre ytterlige forsterka dei negative følgjene . Mulig det eine i Suldal kan hjelpe på vassføring i storaurelva Roalkvam. Det er positivt.

I Røldal som eg bur, er det berre negative følgjer for natur og miljø. Store svingningar i vannstand , opp og ned, og store steinfyllingar er ikkje bra.

Spesielt dette med effektkøyring av Røldalsvatnet som ligg midt i ei levande bygd, synes heilt uhøyr. Ja, 3 store vassmagasin vil verta berørt av desse pumpekraftverka.

Opptil 4 meter i døgnet kan vasstanden endra seg i Votnamagasinet, i følge konsesjonssøkar. Bruk av dette vinterstid vil vera historie , skulle dette bli gjennomført.

Også dei andre to magasina har vore problematiske og bruke på vinteren og vil bli endå vanskelegare tilgjengeleg , dersom planane blir godkjent.

Røldal som bygd , (sjå fråsegn til vilkårsrevisionen) , har ytt nok natur til storsamfunnet og ønskjer ikkje dette nye “kneppet” med effektkøyring av våre vassdrag. Nok er nok !!

Røldal Bygdelag har hatt ein avstemning , der ein ville sjå kva innbyggerane synes om planane : 35 var for og 105 stemte mot planane som føreligg.

Dette seier nokså mykje om kva bygda føler at me har fått att, for å “ofre” så mykje natur til storsamfunnet .

5-til 10 mulige arbeidsplasser ? Ja, kanskjemen ingen garantiar.

Så difor meiner eg at røldølingane må bli hørde i denne saka.

Etter Fosensaka siste året, burde ”lærdomen” vera , at ein både må lytta til og ta hensyn til kva innbyggerane lokalt meiner.

Lars O. Seim- Seimsg. 15, 5760 Røldal

Epost : larsoseim57@gmail.com tlf: 90962584